

*Jakob og Anna K Valle
Spjotøyvegen 347
5955 Lindås*

LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga
postmottak@lindas.kommune.no

TILLEGGSDOKUMENTASJON – SØKNAD GBNR. 83/1 – SPJOTØY

Dykkar ref.: 16/3814 – 17/7451 – dat. 07.03.2017

Me har lest Fylkesmannen sin merknad og har prøvd å justera søknaden noko.

Båtopptrekket vert flytta til austsida av eksisterande kai og utfylling/planering vert redusert på begge sider av kaien.

Me er sjølv opptekne av å ikkje gjera større inngrep enn me må for å få området tenleg, **men me er likevel avhengig av å ha litt areal til å «omreka» oss på attmed naustet.**

Som omskrive i den opphavelege søknaden ligg naust og kai i ei langgrunn evje-fjære. Dette krev litt andre tiltak for kaianlegg enn om sjøen - på alle flomål - hadde hatt god djupn heilt inntil der blåfargen viser på kartet.

Me har oppfatta at Fylkesmannen sin merknad går på utfylling på vestsida av eksisterande kai.

Når me no har redusert fyllinga og flytta båtopptrekket vonar me at det korrigerede framlegget kan få dispensasjon

*Spjotøy, 13.mars 2017
Mvh
Jakob og Anna K Valle*

Vedl.: Skisse merka D2 - K